

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Dei fire programområda for Kulturelt utviklingsprogram 2014 vert også gjeldande for ordninga i 2015:

- A: Kunsten i samfunnet
- B: Samarbeid
- C: Nyskapande formidling
- D: Kompetanse

Kultur- og ressursutvalet ber i om at KUP ivaretak ynskje om å særleg satse på tiltak som styrker vår lokale identitet / kultur, herunder kystkulturen.

2. Vilkår, vurderingsgrunnlag og prosedyrar for Kulturelt utviklingsprogram vert vidareført som tidlegare.
3. Ein ber fylkesrådmannen om ei sak med forslag om nye programområde for KUP 2016 – 18.  
Programområda skal då vere tydeleg bygd på fokusområda og satsingane i PREMISS : KULTUR og godt forankra i behova som finns i dei felt ordninga skal vidareutvikle.